

Årsmelding 2018

orientering.fordeidrettslag.no



Førde IL Orientering 2018

Oppsummering av 2018

Årsmelding frå teknisk råd

Årsmelding frå turorienteringa

Årsmelding frå trenings- og rekrutteringsrådet

Rekneskap 2018

Budsjett 2019

Revisormelding

Tiltaksplan 2018 - resultat

Året 2018 oppsummert.

Vi starta også i år sesongen med ein informasjonskveld. Denne gongen på Hafstad VGS. Det kom mykje folk som har vore med tidligare og nokre nye. Det var informasjon om årets O-sesong og om O-skulen vi hadde planlagt å holde i vår.

O-skule for born mellom 7 og 11 år blei holde på vårparten. Fire av våre mest aktive ungdomar sto for planlegging og utføring av o-skulen. 13 born meldte seg på o-skulen. Alle som ikkje hadde rekruttpakken frå før (kompass og løperbrikke), fikk dette på o-skulen. Tusen takk for innsatsen til Håkon, Anja, Vegar og Trygve, de gjorde ein flott jobb.

Antall medlemmer registrert på «min idrett» hos FIL-Orientering har auka frå 103 i 2017 til 142 ved utgangen av 2018. 186 enkeltpersonar har vore med på eit eller fleire nærløp i året som gjekk som er ein nedgang på 6 personar. Det har vore stor oppsluting om nærløpa i år. Heile sesongen sett under eitt har vi eit gjennomsnitt på 47 løparar pr. løp.

Det har i år vore ei auke av deltakarar på krinsløp rundt om i fylket og på nasjonale løp. Mange frå klubben har blitt krinsmeister i sin klasse. Det har også vore flotte resultat på nasjonale løp, både i inn og utland. Kjekt å sjå at så mange tar turen ut om kommunen på løp og håper det fortsetter med dette i 2019. Det store i 2019 er VM i Østfold.

I tillegg til nærløp, kretsløp og nasjonale løp, har vi også halde skulesprint for tilsaman over 660 elevar. Det har vore synfaringskurs. Vi har arrangert Sunnfjord-orienteringa over to dagar med jaktstart. O-trolleir på Langeland og trening på Slåtten skule etter sesongslutt.

Tiltaksplan for 2018 blei utarbeidd etter årsmøtet. Vi har klart å utføre nesten alle punkta som blei sett opp.

Eg vil takke alle som har stått på og gjort 2018 sesongen til ein god sesong, og håpar de er med å bidra til at 2019 vil bli minst like bra. Ein spesiell takk til Egil, Torodd, Gunnar og Kenneth for den store innsatsen de har lagt ned.

Knut Even Hole

Leder FIL-Orientering

Årsmelding frå Teknisk råd 2018


Torodd Os	leiar
Egil Nestande	medlem
Helge Schei	medlem

Terminliste

Teknisk råd i samarbeid med rekrutteringsrådet sett opp terminlista og hatt ansvar for registrere nærløpa i Eventor. På nærløpa har vi tatt oss av registrer av alle løparane og tidtaking med EQTiming system, etter løpa fortløpande opplasting til Eventor og sendt resultat til opplasting på heimesida og utlegging på Facebook. Oppfølging med innsending av løpsrapport etter kvart gjennomført løp har Teknisk råd også tatt seg av.

Kartarbeid

Vi har fullført og tatt i bruk to nye kart i 2018, løpskartet Kinna og skulekartet/ nærmiljøanlegget Sunde-Farsund. Kartet «Sunde-Farsund» vart brukt på nærløpet 18. april, medan vi fekk prøve kartet «Kinna» på nærløpet 5. september, som og var LM-lang.



Spelemidlar og tilskot til kart

Etter avslag i 2017 på søknaden om spelemidlar til Kinna-kartet, søkte vi på nytt og fekk tilslag med ein innvilga tilskotssum på kr 118 000. Etter innsending av revidert rekneskap og dokumentasjon om at anlegget er ferdig, fekk vi tilskotet utbetalt i desember.

Utstyr

I 2018 har vi kjøpt ein eScan brikkelesar, som også kan lese emiTag-brikker. I tillegg er 3 av våre MTR4 oppgradert med nye batteri og nye koffertar. Vi har kjøpt eit sett (25 stk.) løparbrikker for instruksjon/utleige og ein del løparbrikker for sal til medlemmer. Vi har fortsatt bra mange posteiningar jamvel om nokre har tatt kvelden i løpet av sesongen. Ved årsskiftet hadde vi 80 posteiningar og 4 starteiningar. Det er derfor berre bestilt 2 stk. starteiningar til erstatning for dei som har gått ut. Meir utskifting og fornying er først aktuelt i samband med Fjord-O 2020. Skjermar er det også rikeleg av, og vi har 76 EKT-brikker for utleige. Til arrangement er det kjøpt 1 stk. nytt tunneltelt med 2 segment. Eit telt som er mindre og lettare å ta med rundt enn vårt store tunneltelt.

Årsmelding fra tur-o-rådet.

Kjartan Hauger	Leiar
Marius Dalin	Medlem
Kristian Bråten	Medlem

Flottaste vår og sommar i manns minne – turorienteringa svikta

2018 vart eit svært dårleg år for turorienteringa. Leiaren svikta. Sesongstart vart først rundt midtsommar etter innsats frå andre medlemmar. Det var ingen annonsering og sviktande informasjon. Det vart ikkje gjort i stand tur-o-posar til utsal hjå Erdal Sport. Det var kun sal av kart via Turorientering.no. At det i det heile tatt var deltakarar seier nok mest om kor innarbeida tur-o-konseptet er. Totalt vart det 37 deltakarar

Det vart tre turar: Grøn tur Flatene, Raud tur Digernesvatnet og Svart tur Kråkenesmarka.

Sal av tur-o-posar er ein nødvendige da dei ferraste har tilgang til fargeskrivar og papir av god kvalitet til å skrive ut løyper på. Så godt som alle registrerar sine klipp på turorientering.no.

Årsmelding Trenings- og rekrutteringsråd 2018

Gunnar Gytri - leiar

Jostein Fredly –medlem, Andreas Haug-medlem, Tor Christopher Fink –medlem

Rekrutteringstiltak; Informasjonskveld

4. april gjennomførte vi informasjonskveld på Hafstad vgs med tilhøyrande o-løp. Målgruppa var barn og foreldre. Informasjon om tilboda som o-gruppa hadde, og presentasjon av det nye tilbodet O-skulen.

O-skulen



O-skulen , eit opplæringstilbod for 7-11 år, 6 onsdagar Kl.17.30-18.00, arrangert i perioden frå 11 april til 16 mai. Trygve, Vegar, Anja og Håkon instruerte i ulike tema kvar gong; Fargane på eit o-kart, snu kartet rett veg, sprintkart, kartteikn, leielinjer og haldepunkt, kartteikn del 2 og oppsummering siste kvelden. 13

Verdens o-dag, vårt tilbod var nybyrjarløype og rakettløype ved Soleide.

Tilbodet gjekk til skulane Halbrend, Slåtten og Sunde.

24. mai elevar frå Sunde skule, 5,6 og 7 trinn sum 79 elevar + 6 lærarar.

25. mai elevar frå Halbrend skule 5,6 og 7 trinn, sum 180 elevar + 6 lærarar.

28. mai elevar frå Slåtten skule 5 og 7 trinn, sum 133 elevar + 6 lærarar

30. mai elevar frå Slåtten skule 6 trinn, sum elevar 58 + 6 lærarar.

Flatene skule leigde utstyr og avvikla o-aktivitetar sjølve, ca. 230 elevar deltok.

I alt fekk 664 skuleelevar prøve orientering i regi av o-gruppa 2018.

Instruktørar frå o-gruppa Gunnar Gytri, Kurt Grønli og Jostein Fredly.

Den 23. mai delte vi ut World Orienteering day brosjyre på nær-o-løpet ved Jølster skisenter.

O-trolleir

17. august vart det gjennomført o-trolleir frå Langeland med 6gutar som deltakarar.

Instruktørar. Andreas Haug og T C Fink (leirsjef).

Frå Førde deltok: Elias Fink, Oscar Fink og Kornelius Bydal Strandenes.

Frå Kvammen IL: Elias Haug, Kristoffer Mandelid og Iben Stenseth Bruflot

Treningstiltak; Faste treningar for ungdom.

Det har ikkje vore gjennomført faste o-tekniske treningar for ungdom i 2018. Planlegginga (over 4 kveldar) og gjennomføringa av O-skulen var god trening for ungdommane.

Vintertrening jan, feb., mars og nov og des. Slåtten skule

Styrketrening med o-tekniske oppgåver. Deltakarar; Anita Hole, Knut Even Hole, Anja Hole,

Vegar Hole, Trygve Nummedal Os, Håkon Grønli, Kristian Bråten , Yngve Årdal og Johan Magerøy. Ansvarleg trenar Gunnar Gytri. Å lage oppgåver blir delegert.

Nattløpa. I perioden 19. september til 31. oktober, vart det avvikla 7 nattløp. (2 i Naustdal). Frammøtet var bra, 17deltakarar på den meste. Nattløp er god o-teknisk trening.

Synfararkurs over 2 dagar a 4 timar: Under gode vær tilhøve vart det avvikla intensivt synfararkurs i april. Desse deltok: Anja Hole, Vegar Hole, Knut Even Hole, Andreas Haug og Kurt Grønli. Instruktør Gunnar Gytri.

Resultat utvalde løp 2018

KM-vinnarar frå Førde IL

KM-mellom, Førde IL: D 13-14 Anja Hole, H 13-14 Håkon Grønli, H 17 Torbjørn Os

KM-lang, Sogndal IL: D 13-14 Anja Hole, H 13-14 Håkon Grønli

KM-natt, Tambarskjelvar IL: H 50 Gunnar Gytri

Distriktsmeisterskapen Myrkdalen Voss

D 13-14 Anja Hole Nr 1 mellom og lang, H60 Gunnar Gytri nr 1 lang

Hovedløpet v Kristiansand: Anja Hole nr. 15 av 53 på HL-lang, og nr.28 av 55.

Norsk O-festival, Fossum

H 17-20 Trygve N.Os, sprint, nr.7 av 9 , langdistanse nr.7 av 9, mellomdistanse nr.7 av 9

H 70 Kurt Grønli, sprint nr.21 av 35, langdistanse nr.29 av 51, mellomdistanse nr.14 av 40

D 14 Anja Hole, sprint nr.24 av 38, langdistanse nr.32 av 38, mellomdistanse nr.17 av 29

Veteranmeisterskapet, Ås

D 75 Brita Eilertsen Grønli nr.9 av 15 på sprint, langdistanse disk, mellomdistanse nr. 7 av 11

H 70 Kurt Grønli nr. 18 av 43 på sprint, langdistanse nr.25 av 53, mellomdistanse nr. 31 av 44

H 75 Egil Nestande nr.7 av 26 på sprint, langdistanse nr.11 av 30, mellomdistanse nr.9 av 27

H 70 Torodd Os, langdistanse nr.32 av 53 og mellomdistanse nr.41 av 44

Pinseløpa på Hedmarken

H 13-14 Håkon Grønli, sprint nr.5 av 10, mellomdistanse nr.3 av 12 , lang nr.7 av 10

D 13-14 Anja Hole , sprint nr.7 av 11, mellomdistanse nr.6 av 11 , lang nr.7 av 7

H 15-16 Vegar Hole, sprint nr.9 av 12, mellomdistanse nr.13 av 16

Lake 5 days, England

M 60 Long Gunnar Gytri, plasseringane 3,5,10,9, og 3. Samanlagt nr.5 av 60

WMOC (verdsmeisterskap for veteranar) Danmark

M 75 Egil Nestande, sprint A-finale nr.61 av 81, langdistanse C finale nr.11 av 69

Kretsløpet Fjellgeita Emblem IL, Møre og Romsdal

4 km Anja Hole nr. 1 av 6.

Førde IL Orientering - Resultatrekneskap 2018

INNTEKTER				UTGIFTER			
Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Rekneskap Kroner	Budsjett Kroner	Konto nr.	Kontoklasse/budsjettkapittel	Rekneskap Kroner	Budsjett Kroner
	INNTEKTER TOTALT	267 891,62	130 500		UTGIFTER TOTALT	261 939,15	245 500
	MEDLEMSINNTEKTER	21 720,00	20 000		KOSTNADER DELTAKING I STEMNE	29 670,00	23 000
3010	Eigenandel innetrening	0,00	1 000	4000	Startpengar	26 370,00	20 000
3070	Eigenandel deltaking på løp	21 720,00	19 000	4020	Reiseutgifter	0,00	1 500
				4050	Ymse	3 300,00	1 500
	INNTEKTER FRÅ ARRANGEMENT	4 998,42	11 000		KOSTNADER VED ARRANGEMENT	9 666,00	13 000
3350	Startkontingent krinsløp	648,42	3 500	4132	Turorientering	2 051,00	3 000
3351	Startkontingent andre løp	0,00	0	4150	Premiar	3 372,00	8 000
3352	Deltakaravgift turorientering	3 450,00	7 500	4180	Annonser, porto	0,00	500
3369	Andre arr.inntekter	900,00	0	4185	Utstyr,varer	243,00	1 000
				4195	Ymse	4 000,00	500
	SALGSINNTEKTER	10 703,52	12 000		TRENING, INSTRUKSJON	18 933,58	23 000
3540	Kiosksalg	1 000,00	1 000	4230	Samlinger, leirar	7 018,00	5 000
3550	Salg av utstyr (inkl. drakter)	9 703,52	10 000	4260	Annonser/ informasjon	1 394,13	12 000
3560	Salg av kart	0,00	0	6010	Lokalleige	500,00	1 000
3570	Ymse	0,00	1 000	4270	Ymse forbruksmateriell	10 021,45	5 000
	TILSKOT	194 492,00	55 000		KART, ANLEGG, UTSTYR	173 805,00	160 000
3160	Tilskot frå hovudlaget	28 538,00	18 000	4410	Løpsutstyr	28 475,00	25 000
3125	Spelemidlar/kulturmidlar	118 000,00	0	4431	Kartprosjekt Kinna	136 500,00	132 000
3170	Tilskot frå NOF/SFOK	19 558,00	25 000	4432	Nærmiljøkart (Sunde Farsund)	3 521,00	2 000
3190	Andre tilskot (mva-refusjon, m.m.)	28 396,00	12 000	4435	Ymse	5 309,00	1 000
	TRENING, INSTRUKSJON	35 977,68	30 000		KONTINGENTAR	22 173,00	18 000
3320	Startkontingent nærløp	35 977,68	29 000	4610	Kontingent til SFOK	12 000,00	10 000
3322	Ymse	0,00	1 000	4620	Kontingent/løpsavgift til NOF	10 173,00	8 000
	INNTEKTER FRÅ LOTTERI M.M.	0,00	0		UTGIFTER VED LOTTERI M.M.	0,00	0
3610	Lotteri/ bingo	0,00	0	4800	Lotteriutgifter	0,00	0
3620	Dugnadsinntekter	0,00	0	4810	Dugnadsutgifter	0,00	0
	FINANSINNTEKTER	1 056,00	2 500		ADMINISTRASJON	7 691,57	8 300
8050	Renter lagskonto(3700 07 15094)	5,00	0	6800	Porto, papir, telefon	919,84	500
8051	Renter sparekonto(3700 58 54246)	1 051,00	2 500	3400	Lokalleige	0,00	500
8052	Andre finansinntekter	0,00		5800	Møte, kurs	6 143,23	6 800
				7790	Ymse	628,50	500
	DRIFTSRESULTAT	5 952,47	-115 000		FINANSKOSTNADER	191,00	200
	(Inntekter - utgifter)	5 952,47	-115 000	7780	Gebyr (bank, post)	191,00	200
				8155	Renter	0,00	0
	FINANSPOSTAR					Saldo per	Saldo per
	Renteinntekter	1 056,00			BANKKONTOAR	31.12.2018	01.01.2018
	Gebyr og renteutgifter	191,00		1942	Lagskonto (3700 07 15094)	8 568,22	18 802
	Netto finanspostar	865,00		1944	Sparekonto (3700 58 54246)	480 872,93	463 822
					Sum	489 441,15	482 624
	Årsresultat	6 817,47	-115 000				
	Overført kapitalkonto (eigenkap.)	6 817,47					

RESULTATKONTO

	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett	Budsjett
Sum utgifter	261 939,15		245 500,00	
Sum inntekter		267 891,62		130 500,00
Fordringar 01.01.2018	0,00			
Gjeld 01.01.2018		0,00		
Fordringar 31.12.2018		0,00		
Gjeld 31.12.2018	0,00			
Driftsresultat	5 952,47		-115 000,00	
Sum	267 891,62	267 891,62	130 500,00	130 500,00


KAPITALKONTO

Kapitalkonto 01.01.2018		482 623,68
Årsresultat		6 817,47
Kapitalkonto 31.12.2018	489 441,15	
Sum	489 441,15	489 441,15


BALANSEKONTO

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankkonto 3700 07 15094	8 568,22	
Sparekonto 3700 58 54246	480 872,93	
Fordringar	0,00	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Lån		0,00
Kapital 31.12.2018		489 441,15
Sum	489 441,15	489 441,15


Førde 08.01.2019




Knut Even Hole
leiar



Egil Nestande
kasserar



Astrid Juklestad
revisor



Kurt Grønli
revisor

Revisjonsmelding for Førde IL Orientering 2018


Valde revisorar har gjennomgått rekneskapen for Førde IL Orientering for 2018. Bilaga stemmer med kontoutskrift frå banken. Vi meiner at resultatet viser eit rett bilde av drifta i 2018. Vi vil tilrå at rekneskapen vert godkjent av årsmøte.

Førde, 28.01.19



Astrid Juklestad

Vald revisor



Kurt Grønli

Vald revisor

Merknader til regnskapet for 2018.

Nær-o-løp og Vipps


På våre Nærløp er det blitt mer og mer vanlig at deltakerne betaler med Vipps, samtidig som oppgjør fra arrangørene vippses inn til klubben.

Vipps som betalingsform gir ingen informasjon om hvem som betaler og ikke hva det betales for. Er det startkontingent, brikkeleie, årskort, kjøp av løpsdrakt eller annet? Dette er en stor utfordring for den som skal føre regnskap. Løpsarrangørene må bli langt flinkere til å bruke oppgjørsskjemaet og på det notere hvem som betaler med Vipps , og hva det betales for. Samtidig må arrangørene pålegges å spesifisere inntekter og utgifter knytt til løpene og ikke bare overføre/vippse et nettobeløp.

Egenbetaling av startkontingent

Hvert år i oktober/november sender kasserer ut krav på startkontingent til de løpere som skal betale sin startkontingent selv. Ved gjennomgang av regnskapet for 2018, finner jeg at det er flere løpere som ikke har betalt sin startkontingent.

Førde, 6.februar 2019


Kurt Grønli

Valgt revisor

TILTAKSPLAN FOR FØRDE IL ORIENTERING, SESONGEN 2018

Kontaktpersonar: Knut Even Hole knuteh@hotmail.com, Egil Nestande egil.nestande@online.no

Tiltaksområde	Mål	Tiltak	Korleis (beskriv)	Tidspunkt	Ansvarleg	Ønskt resultat	Rapport resultat
Foreldre/barn	Oppfølging nye	Informasjonsmøte	Invitere foreldre og barn/ungdom. Info om sesongplan, prøveløp	4. april	Gunnar Knut Even	10 Foreldre Barn og ungdom	15 foreldre og barn
Ungdom	Beholde ungdom. Øve o-teknisk	Innetrening	Tinge plass ved Slåtten skule og ha inne-trening ein dag i veka.	Nov-mars	Gunnar Gytri	5 ungdom	Gjennomført 8 delt.
Rekruttering skule	Opplegg og gjennomføring på 3 skular.	Verdens o-dag	Kontakt til Halbrend, Sunde og Flatene skular. Tips om o-opplegg for skulane og ev. hjelp til gjennomføring. Enkel stjerne-o og korte sløyfer på skulekart.	Veke 21	Rekruter./treningsrådet	Gjennomføring på 3 skular. Minst 400 elevar deltar	Gjennomført på 3 skular. 680 delt.
Rekruttering barn ungdom	Minst 10 nye deltakarar på nærløp	Verdens o-dag	Marknadsføre nærløpet 23. mai spesielt som Verdens O-dag. Ekstra fokus på enkel løype for nye utøvarar.	23.mai	Ansvarleg for nærløpet	10 Nye deltakarar	Gjennomført. 47 delt. på nærløpet
Barn	8 nye barn og foreldre blir aktive deltakarar på nærløp	Rekruttleir for barn i alderen 8-12 år	Innvitere barn og foreldre til leir på Røde Kors-hytta Langeland. Enkel stjerne-o og korte sløyfer på nærmiljøkartet. Sosiale aktivitetar med	18-19. August	Rekruter./treningsråd	Minst 8 nye delt. på nærløp	Arrangert 17. august. 6 delt.
Ungdom	Behalde ungdom.	O-trolleir	Innvitere til fellesskap med ymse sosiale aktivitetar. Opplegg med O-teknisk trening, og løyper av ulik vanskegrad.	18-19. August	Rekruter./treningsråd	10 deltakarar	Kombinert med Rekruttleir
Barn ungdom	Rekruttere nye o-løparar	Sommar O-skule	O-skule for nye o-løparar 7-11 år. Opplegg over 6 onsdagar frå april i forkant av nærløpa. Ungdommar instruerer ulike tema kvar gong.	April- Mai	Rekruter./treningsrådet	Minst 5 nybegynnarar deltar	Gjennomført over 5 veker. 11 delt.
Finn fram dag	Marknadsføring/synleggjering	O-løp Svidalsneset	Familedag på Svidalsneset i lag med Barnas turlag, 4H klubbane i Jølster, Jølster jakt og fiskelag og Sunnfjord kajakkklubb.	Mai/juni	Kjartan	Minst 25 deltakarar	Ikkje gjennomført
Kompetanse-tiltak	Auke lokal kompetanse	Synfaringskurs	Helgekurs med vekt på korrigering og oppdatering av eksisterande kart.	April.	Teknisk råd (Gunnar)	5 deltakarar	Gjennomført over 2 dagar. 5 delt.
Kompetanse-tiltak	Auka kompetanse i bruk av Etiming	Kveldskurs	Praktisk opplegg med innføring i og gjennomgang av det viktigaste i Etiming	April	Teknisk råd (Torodd)	Fleire kan bruke Etiming	Ikkje gjennomført
Turorientering	Oppretthalde tilbod	Marknadsføring på nettsida, Facebook, plakatar og annonse	4 turar/løyper, med ulik vanskegrad, nokre postar på kulturminne. Legge turane ut på www.turorientering.no , pluss salg av turane (Tur-O-posar) hos Erdal Sport as.	April / oktober	Tur o-råd (Kjartan)	Fleire deltakarar i 2018 enn året før	Forsinka, redusert opplegg. Lågaste delt. Sidan 1970-talet.